

## Framgangsmåte for simultanturnering:

Dubler korta utifrå ei av kortfilene. På enkelte kortdubleringsmaskiner frå Jannersten må ein bruke kortfilene i dlm formatet. På andre maskiner kan ein bruke bri eller dup filene.

**For klubbar som nyttar Ruter-programmet:** På klubbkvelden lagar de til turnering i Ruter som vanleg, men de skal velje å ikkje ha meisterpoeng.

Bytteplanar:

Om de er fem bord eller meire, vel de ein bytteplan med 27 spel.

Om de er fire bord: Vel bytteplan for 28 spel og IKKJE klikk neste men klikk knappen Avansert. Vel fana merka Spillsett, og i den store boksen merka "tilpasset spillsett" skriv de: 7:25-27 Då vert den runden de elles skulle spela 25-28 redusert til tre spel, også om de har howell-turnering med ein dublett.

Om de er tre bord: Vel bytteplan for 30 spel og IKKJE klikk neste men klikk knappen Avansert. Vel fana merka Spillsett, og den store boksen merka "tilpasset spillsett" skriv de: 3:13-17/4:18-22/5:23-27 Då vert det to rundar med seks spel , og tre rundar med fem.

Om de har høve, bør de sjå over korleis dette skal gjerast før spelekvelden.

Når spelinga er ferdig:

**Eg ber om at de ikkje legger ut resultat på klubben sine sider før veka er over. (laurdag)**

Etter speling skal de sende turneringsfila til meg. [asbjorn.hegrenes@enivest.net](mailto:asbjorn.hegrenes@enivest.net)

De finn turneringsfila på ein av to måtar:

1. Ruter lagar til ei fil for kvar turnering i mappa "Mine dokument"\Ruter - Dokument\Turnering. Filnamnet er på forma ÅÅÅÅ-MM-DD.mc2 (På Leikanger, med spelekveld måndag, vert fila heitande 2013-11-18.mc2)

2. De kan og lagre ein kopi av turneringa på ei anna mappe med å velje Turneringsmeny - Send til. De kan då velje mappe å lagre turneringa i eller å sende til e-postmottakar. For å sende turneringa som e-post, må det vere satt opp eit e-postprogram og e-postkonto på maskinen.

**Klubbar som ikkje nyttar «Ruter», kan og delta.** Dublerte kort må nyttast.

Klubben må då sende fullstendig resultatliste, med resultatata for kvart enkelt spel. Totalt 27 spel.

Mvh

Åsbjørn Hegrenes, 97019327

Sogn og Fjordane bridgekrins